



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Christian Johan Alstad, 5557 2112

Vår dato  
24.08.2015  
Dykkar dato  
10.08.2015

Vår referanse  
2015/9236 421.3  
Dykkar referanse

Odda kommune  
Opheimgata 31  
5750 Odda

### **Odda - kommunedelplan for Rv 13 - Jøsandal - Odda sør - offentlig ettersyn**

Vi viser til brev dagsett 30.06.2013, dykkar ref. 11/560. Utviklingskomiteen i Odda kommune vedtok 18.02.2015 å legge kommunedelplan for Rv 13 Jøsandal – Odda sør ut til offentlig ettersyn. Fylkesmannen fekk melding om offentlig ettersyn den 30.06.2015 med høyringsfrist 18.08.2015. Høyringsfristen er seinare utvida til 01.09.2015 etter avtale.

Rv 13 er ein del av det overordna vegnettet som bind saman indre delar av Vestlandet. På den aktuelle vegstrekninga er Rv13 i tillegg eit viktig samband mellom aust og vest. Dagens veg har låg standard og er utsett for ras.

Kommunedelplanen er utgreidd med seks ulike alternativ. Det er utarbeidd konsekvensutgreiing for alle alternativa, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 4-2 andre ledd. Konsekvensutgreiinga tilrår å gå vidare med traséalternativ 1 ut i frå ei totalvurdering av alle prissette og ikkje-prissette konsekvensar. Statens vegvesen og Odda kommune har likevel valt å gå vidare med alternativ 2 av omsyn til trafikkmønster og tilgjenge til Låtefoss og Skare.

#### Vurdering

Fylkesmannen vurderer planframlegget ut i frå nasjonale verdiar, sjølv om denne vegstrekninga i tillegg har store lokale interesser. Regjeringa søker å utvikle eit moderne og framtidretta transportsystem som gjev ei raskare, sikrare og meir miljøvennleg trafikkavvikling, jf. dei nye nasjonale forventningane til planlegging av 12.06.2015. Fylkesmannen er difor nøgd med at det no er utarbeidd kommunedelplan for denne viktige vegstrekninga.

Ei av målsettingane i dette vegprosjektet er at ny veg så langt som råd skal ta vare på natur-, miljø-, kultur-, minne- og landbruksinteressene. Vi finn det difor uheldig at alle traséalternativa kjem dårleg ut i konsekvensutgreiinga, spesielt når det gjeld landskapsbiletet. Fylkesmannen saknar ei grunngeving for kvifor det ikkje er utgreidd lengre tunnelalternativ på austsida, noko som i mindre grad ville vere konfliktfylt i høve til landskaps- og vassdragsverdiane.

Ei av årsakene til at dei lange tunnelalternativa kjem dårleg ut når det gjeld landskap, er tunnelinnslaget ved Sandvinsdeltaet. Som konsekvensutgreiinga viser til, er dette eit særskilt viktig område for fugl og står i konflikt med omsyn til verna vassdrag. Fylkesmannen tilrår å sjå på moglegheiter for å flytte innslagspunktet for tunnelmunningen i det vidare planarbeidet. Vi har elles ingen merknader til Vegvesenets og kommunens prioritering.

Alle traséalternativa har lange tunnelar som inneber stort overskot av massar. Ulike alternativ for handtering av massar har vore vurdert, og ein har konkludert med at utfylling i Grastjørn og Sandvinvatnet er løysingar som vert arbeidd vidare med. Detaljar kring utforming og kapasitet vert utgreidd i neste fase. Vi tek atterhald om at utfylling i Sandvinvatnet vil utformast slik at det ikkje kjem i konflikt med verneverdiane i vassdraget.

Fylkesmannen hadde helst sett at ein var kome lengre i planprosessen når ein legg ein kommunedelplanen ut til offentleg ettersyn. Det er ikkje utforma føresegner med krav om tilhøve som skal avklarast i det vidare reguleringsplanarbeidet. Plankart er utforma som prinsippsskisser. Det er utfordrande å gje konkrete tilbakemeldingar på eit tidleg tidspunkt når det ikkje er utforma meir juridisk bindande dokument.

Når ytterlegare detaljer om omfang og volum vert utsett til reguleringsplannivå, vil Fylkesmannen måtte få ta stilling til dette seinare i planprosessen. Vi vil difor i denne høyringa understreke at vi er kritiske til korleis omsyn til verna vassdrag er handtert på kommunedelplannivå. Vi kan ut i frå plandokumenta ikkje sjå korleis nasjonale mål for forvaltning av verna vassdrag er følgt opp, jf. rikspolitiske reglar for verna vassdrag § 3. Fylkesmannen tek difor atterhald om at vi framleis kan fremja motsegn til reguleringsplanen, jf. pbl. § 5.4, dersom det vert lagt til rette for løysingar som strir mot vesentlege nasjonale interesser for verna vassdrag.

Med helsing

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

Arve Meidell  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*